



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref
21/4078

Vår ref
21/2494-6

Dato
17. november 2021

Fråsegn til sak om motsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard i Alver kommune

Klima- og miljødepartementet vurderer at foreslått omlegging av Bjørnstadvegen kjem i konflikt med Meland kyrkje som kulturminne og det samla kulturmiljøet rundt kyrkja. Etter ein helskapleg vurdering tilrår departementet at motsegna frå Vestland fylkeskommune blir tatt til følgje.

Vi viser til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 9. august 2021, der sak om motsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard i Alver kommune er lagt ved. Det er tidlegare Hordaland fylkeskommune, no Vestland fylkeskommune, som har motsegn til planen. Motsegna er grunna i konflikt med kulturmiljø.

Saka gjeld

Alver kommune vedtok den 18. februar 2021 å oppretthalde tidlegare vedtak av 14. mai 2020 om å oversende detaljregulering for Meland kyrkjegard til handsaming av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Planarbeidet blei starta opp i tidlegare Meland kommune, som etter 1. januar 2020 er ein del av nye Alver kommune.

Innanfor planområdet er det registrert fleire bygningar, mellom anna kyrkja og Kyrkjestova. Kyrkja disponerer tre parkeringsplassar, ein stor og to små. Gravplassen er delt i to der Bjørnstadvegen skil kyrkja og den eldste gravplassen frå ein nyare gravplass i aust. Det vestlege gravfeltet ligg innanfor opphavelag gravplassmur og grensar til Melandsvegen (fv. 5308) i vest. Planforslaget har som formål å leggje til rette for utviding av gravplassen i aust med ny veg og parkeringsplass til øvre nivå, samt å leggje om Bjørnstadvegen, som i dag går mellom kyrkja og dei nyare gravplassane. Bjørnstadvegen er ein tilkomstveg for fem bustader som ligg innanfor kyrkja. Kommunen ønsker å leggje vegen til nordsida av den

Postadresse
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo
postmottak@kld.dep.no

Kontoradresse
Kongens gate 20
www.kld.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 882

Avdeling
Naturforvaltningsavdelinga

Saksbehandlar
Helle Boman
Andresen
22 24 57 70

eldre kyrkjegarden, langs utsida av kyrkjegardsmuren for å lette tilkomsten med bil forbi kyrkja til bustadene. Utanfor og sørvest for planområdet ligg Meland gamle kyrkjestad, som er freda etter kulturminnelova § 4.

Vestland fylkeskommune har attståande motsegn til planen. Motsegna er grunna i at foreslått omlegging av Bjørnstadvegen, med endring av kyrkjegardsmuren for tilkomst for drift, i stor grad vil redusere opplevingsverdiane til den listeførte kyrkja av nasjonal interesse som kulturminne, og det samla kulturmiljøet som mellomalderkyrkjegarden og kyrkja med tilhøyrande gravplass utgjer. Dei peiker på at vegen vil vere i konflikt med kulturmiljøinteressene både når det gjeld nær- og fjernverknad. Fylkeskommunen har ikkje merknad til dei andre tiltaka.

Detaljreguleringa er ei delvis endring av ein reguleringsplan frå 1992 for området, men dekker berre delar av arealet i reguleringsplanen frå 1992. Planen frå 1992 viser utviding av den nyare kyrkjegarden, omlegging av fylkesvegen, ny parkering og omlegging av Bjørnstadvegen som angitt over. Meland kyrkje blei listeført som kyrkje med nasjonal kulturminneinteresse i etterkant av denne reguleringsplanen. Statsforvaltaren har vurdert planen frå 1992, og komme til at han er for gamal til å kunne nyttast som grunnlag for dei aktuelle tiltaka og dei planutfordringane som er på staden.

Riksantikvaren si vurdering

Riksantikvaren tilrår at motsegna til fylkeskommunen blir tatt til følgje. Dei viser til at Meland kyrkje ligg i eit ope, småkupert landskapsrom der historia og opplevingsverdien til kyrkjestaden er knytt til det omkringliggende natur- og kulturlandskapet. Direktoratet meiner at ein ny veg nord for kyrkja vil føre til ein sterk reduksjon i kvalitetane knytt til Meland kyrkje, både i form av negativ verknad på opplevinga av den listeførte kyrkja og gravplassen, og på den heilskaplege samanhengen i landskapet med mellomalderkyrkjestaden. Ein veg vil innebere terrenginngrep og oppfyllingar, og føre til endringar i eit intakt og heilskapleg landskap. Vidare meiner direktoratet at avbøtande tiltak i form av grasdekke av vegen ikkje er ei god løysing fordi Meland kyrkje og gravplassen då vil bli omringa av vegar og parkeringsplassar som forringar opplevinga av kulturmiljøet.

Riksantikvaren presiserer for øvrig at deira vurdering gitt i innspel til reguleringsplanen i 2018 og 2019, berre gjaldt forvaltningsområdet der dei hadde ansvar fram til overføringa til fylkeskommunen frå 1. januar 2020, det vil seie det automatisk freda kulturminne frå mellomalderen, Meland gamle kyrkjestad.

Klima- og miljødepartementet si vurdering

Rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis* klargjer kva som er spørsmål av nasjonal eller vesentleg regional verdi på miljøområdet. Etter punkt 3.8 *Kulturminner og kulturmiljø* skal ein vurdere motsegn når eit planforslag kan komme i konflikt med særskilde vurderte kulturminne og kulturmiljø. Ei kyrkje som er listeført i medhald av *forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirker* etter trossamfunnsloven (kirkebyggforskriften) er eit slik særskilt vurdert kulturminne. Det at ei kyrkje er listeført inneber at ho er definert som

verneverdig med nasjonal kulturminneverdi. Kyrkja si omgjevnad skal handsamast i tråd med rundskriv frå Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet – *Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø, rundskriv Q-06/2020*.

Meland kyrkje er ei langkyrkje i tre frå 1866. Kyrkja vart verna som listeført kyrkje av Riksantikvaren den 26. mars 2001, med Askeladden-ID 84933-3. Med omliggande kyrkjegard og nærliggande mellomalderkyrkjegard utgjer kyrkjestaden eit tydeleg og verdifullt kulturmiljø med lang historie. Klima- og miljødepartementet vurderer at kyrkja er eit kulturminne av nasjonal verdi. Planforslaget legg til rette for bygging av ny veg nord for, og langs, kyrkjegardsmuren. Dette vil føre til at kyrkja og kyrkjegarden blir omringa av veg på alle tre sider. Etter synfaring, er Klima- og miljødepartementet si vurdering at ein slik veg og trafikk på denne, vil vere synleg når ein står på kyrkjetrappa og ser nord og vestover mot mellomalderkyrkjegarden og motsett, når ein kjem frå fylkesvegen frå vest mot kyrkja. Vegen vil redusere opplevinga av sjølv kyrkja og gravplassen, og bryte opp samanhengen med det kringliggande kulturmiljøet, og såleis vere i konflikt med kulturmiljøverdiane.

Planskildringa gir i punkt 5.9 og 6.4.1 ein kort omtale av at det er konflikt mellom arrangement i kyrkja, parkerte bilar og gjennomgangstrafikken til bustadene på Bjørnestad. Klima- og miljødepartementet ser at ein ny veg nord for kyrkja vil vere positivt for dei fem bustadene som med ein ny veg kan passere fritt, utan å vente på gravfølge og folk som tar opp vegen ved slike eller andre arrangement som i dag. Samtidig saknar departementet ei vurdering av omfanget av dette problemet og kva for ulempe det har for dei fem bustadene. Departementet har fått opplyst av kommunen at det i snitt har vore 36 gravferder i året dei siste tre åra, i tillegg til at det frå tid til annan er andre arrangement i kyrkja. Etter Klima- og miljødepartementet si vurdering, verkar omfanget av problemet med å komme forbi kyrkja med bil på noverande veg relativt avgrensa. Departementet støtter elles Statsforvaltaren og Riksantikvaren sine vurderingar av at ein ny veg ikkje vil løyse utfordringane med parkering. Medrekna dei 26 nye plassane som ligg inne i reguleringsforslaget har kyrkja totalt 99 tilrettelagde parkeringsplassar. Kyrkja har maksimalt 340 sitteplassar. Om det er naudsynt med fleire parkeringsplassar og ein ryddigare parkeringssituasjon, kan dette etter Klima- og miljødepartementet si vurdering løysast gjennom ei vidareutvikling av planforslaget.

Klima- og miljødepartementet vil og vise til planskildringa, kapittel 3 (s.7), der det er vurdert at planen ikkje fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Departementet stiller spørsmål ved denne vurderinga, og viser til at bygging av vegar er omfatta av vedlegg II i konsekvensutgreiingsforskrifta, punkt 10 bokstav e). Etter § 8 i forskrifta skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II ha konsekvensutgreiing om dei kan få vesentlege verknader etter forskrifta si § 10. Ved vurderinga av om ein plan kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, skal ein etter § 10 tredje ledd bokstav b) vurdere om planen kan komme i konflikt med verdifulle kulturminne og kulturmiljø. Klima- og miljødepartementet vil i denne samanhengen peike på at tidlegare reguleringsplan for området snart er 30 år gamal, at kyrkja er listeført i etterkant av førre reguleringsplan og at det ikkje ligg føre ein utgreiing av alternative løysingar til ny veg i dokumentasjon av saka. Departementet deler difor Statsforvaltaren si vurdering av at tidlegare reguleringsplan ikkje er tilstrekkeleg som grunnlag for dei aktuelle tiltaka og planutfordringane på staden.

Konklusjon

Klima- og miljødepartementet tilrår at Vestland fylkeskommune si motsegn til detaljregulering for Meland kyrkjegard blir tatt til følgje.

Med helsing

Øyvind Andreassen (e.f.)
avdelingsdirektør

Helle Boman Andresen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Alver kommune
Riksantikvaren
Statsforvalteren i Vestland
Vestland fylkeskommune